

Spørsmål til fylkesutvalet, 08.mars 2023

Frist for å sende inn spørsmål: Mandag 06.mars 2023, kl 0900

Oversikt mottekne spørsmål

Nr.	Avsender spørsmål	Tema
1.	Marthe Hammer (SV)	Samarbeid med tannlegeutdanning om lokale og pasientar

1. Marthe Hammer (SV); om samarbeid med tannlegeutdanning om lokal og pasienter

Viser til sak i NRK: <https://www.nrk.no/vestland/ei-dokke-som-pasient-1.16295380>

Saka handlar om at studentane ved tannlegeutdanninga i Noreg, og Bergen, manglar pasientar. Samtidig hadde fylkesutvalet referatsak 1/23 kor ein gjorde greie for status for den offentlege fylkeskommunal tannhelsetenesta etter at ein har fått fleire midlar, men også nye aldersgrupper med rett til behandling i den offentlege tannhelsetenesta. Referatsaka skisserer kapasitetsutfordringar, spesielt med omsyn til lokalar, og personell.

Fylkesutvalet og fylkestinget hadde også i 2022 ein diskusjon om nedlegging av tannlegevakta, og at Odontologen var aktuell til å ta over denne, med grunngjeving at studentane trengte å trene på reelle pasientar. Nedlegging av tannlegevakta vart ikkje realisert, men saka i NRK viser at det framleis er slik at studentane i Bergen både har kapasitet og ønskje om å øve på reelle pasientar.

I denne lenka er det eksempel på korleis Universitetet i Oslo og Oslo Kommune har et samarbeid om praksis for tannlegestudentar: [https://www.uio.no/om/organisasjon/styret/moter/2017/3/o-sak-5-uio-samarbeid-med\[1\]oslo-kommune--status-malsetninger-og-prioriteringer.pdf?fbclid=IwAR06HcVYAvQGWzwa0N94wafvCbGXh1aewB0tbCvaXRLnX5Kiyh5vErFL5Fo](https://www.uio.no/om/organisasjon/styret/moter/2017/3/o-sak-5-uio-samarbeid-med[1]oslo-kommune--status-malsetninger-og-prioriteringer.pdf?fbclid=IwAR06HcVYAvQGWzwa0N94wafvCbGXh1aewB0tbCvaXRLnX5Kiyh5vErFL5Fo)

Under punkt 2.2 Helsesamarbeid

«Det odontologiske fakultet Det odontologiske fakultet har et utstrakt samarbeid med Oslo kommune, i hovedsak regulert i en egen samarbeidsavtale. Fakultetet utfører spesialisthelsetjenester på oppdrag fra Oslo kommune. Avtalen omfatter også praksisplasser og veiledning for studenter i praksis på begge studieprogram. Tverrprofesjonelt samarbeid i praksisstudiene er her understreket, noe som også nevnes i en rapport om kvalitet i praksisstudiene fra Universitets- og høyskolerådet¹⁶. Pasientbehandling og undervisning av studenter ved St. Hanshaugen Omsorgssenter Cathinka Guldborg-senteret inngår også i samarbeidet med Oslo kommune. I tillegg regulerer avtalen Tannhelsetjenester innenfor ulike odontologiske spesialistområder, samt at fakultetet har behandlingsansvaret for fire skoler i Oslo (Bolteløkke, Sagene, Ila og Bjølsen). Det er satt i gang et tverrfaglig pilotprosjekt med Oslo kommune hvor det undervises og utføres pasientkonsultasjoner på Tåsen/Oppsal Helsetun. Studentene undervises i å tenke kritisk og gjøre analyser og er samarbeid mellom fagene odontologi, medisin, ernæring, farmasi og psykologi.»

Spørsmål til fylkesdirektøren:

- Finnes det eit tilsvarande samarbeid mellom tannhelsetenesta i fylkeskommune og Institutt for klinisk odontologi ved Universitetet i Bergen?
- Viss ja, i lys av kapasitetsutfordringane med personell, men ikkje minst lokalar, har ein vurdert å gjennomgå og oppdatere denne avtalen slik at ein kan ha eit tettare samarbeid, og kan nytte lokalar

og personell og studentar ved Institutt for klinisk odontologi for å auke kapasiteten og sikre at studentane får god praksis?

- Er det også aktuelt å få fleire studentar inn på dei offentlege tannklinikane i Bergen og der ein no har kapasitetsutfordringar?
- Viss nei, kvifor har ein ikkje ein samarbeidsavtale?
 - Og vil ein ta initiativ til ein slik samarbeidsavtale for å betre samarbeidet mellom den offentlege tannhelsetenesta og Institutt for odontologi, med mål om å kunne auke kapasitet og nytte lokalar og personell og studentar betre.

Svar frå fylkesdirektøren

Samarbeidsavtale

Vestland tannhelseteneste har samarbeidsavtale med Institutt for klinisk odontologi (IKO) ved Universitetet i Bergen. Avtalen ligg som vedlegg. Hordaland fylkeskommune sin avtale vart vidareført i Vestland og vart sist fornya i 2021.

Spesialistbehandling

IKO og den offentlege tannhelsetenesta har samarbeid om spesialistbehandling og tilviser pasientar gjensidig alt etter behov og kapasitet. Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vestland (Tk Vestland) leverer tenester for IKO der vi har kompetanse som IKO manglar, som til dømes pedodontistar, og IKO leverer tenester til den offentlege tannhelsetenesta på fagområde der vi sjølve ikkje har kapasitet. Det er særskild fagområdet oral kirurgi og oral medisin som IKO har levert tenester på, då det har vore vanskeleg å rekruttere denne spesialiteten til Tk Vestland.

Praksis i barnetannpleie og eldretannpleie

Barneavdelinga ved IKO har etter avtale fått ansvar for å følgje opp alle born mellom 0-18 år i utpeikte adressekretsar i Årstadområdet. Dette utgjør rundt 3000-3800 barn og unge. I tillegg får studentar praksis i eldretannpleie ved Årstad tannklinikk kvar veke.

Praksis for studentar og kvalifiseringskandidatar

Studentar, både tannlegar og tannpleiarar, får tilbod om praksisplass på tannklinikkar i Vestland med rettleiar frå den offentlege tannhelsetenesta. Tannlegar som går på kvalifiseringsprogrammet for norsk autorisasjon får også tilbod om praksisplass på tannklinikkar i Vestland fylkeskommune.

Tannhelsetenesta i Vestland ser på det å tilby praksisplassar til studentar og kvalifiseringskandidatar som eit viktig bidrag for at tannhelsepersonellet som blir utdanna får relevant og nødvendig erfaring med den offentlege tannhelsetenesta. Eit godt praksisopphald kan også vere med på å rekruttere framtidige arbeidstakarar til den offentlege tannhelsetenesta. For at praksisopphaldet skal vere nyttig og godt for studenten/kvalifiseringskandidaten krev det oppfølging på lik linje med det studenten/kvalifiseringskandidaten får elles i utdanninga. Det krev rettleiarar med kompetanse og tid til å følgje opp.

Studentar på tannklinikken

For å samanfatta så er det ressurskrevjande å ha studentar/kvalifiseringskandidatar i klinikken. Å legge opp til større grad av tannbehandling utført av studentar på offentlege tannklinikkar vil ikkje auke kapasiteten i tenesta, men tvert i mot krevje ekstra ressursar og auke presset på dei tilsette i enda større grad. Dei tannklinikane som har kapasitetsutfordringar med tanke på areal og personell vil vere særskild lite tent med å få inn fleire studentar.

Kjøp av tenester

Vestland tannhelseteneste er glad for det samarbeidet som er per i dag mellom IKO og Vestland fylke, der vi legg opp til å dra nytte av kvarandre i størst mogleg grad. Fylkeskommunen betalar for alle tenestene IKO leverer til grupper med rettar i den offentlege tannhelsetenesta, så tannhelsetenesta i Vestland må kontinuerleg vurdere om kva vi og pasientane våre er best tent med slik at ressursane vi er tildelt blir best mogleg utnytta.

Anna samarbeid

Fylkestannlegen vurderer fortløpande samarbeidsavtalane tannhelsetenesta i Vestland har inngått ut i frå samfunnsoppdraget. Fylkestannlegen har mellom anna starta opp samarbeid med studentsamskipnaden

Saman slik at studentar mellom 21-26 år i Bergen kan gå til tannlegane i studentsamskipnaden og framleis få 50% dekkja av den offentlege tannhelsetenesta. På denne måten vil vi få avlasta dei offentlege tannklinikkane.

Vedlegg

Samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune, tannhelsetenesta og Universitetet i Bergen, medisinsk fakultet.